



TIL ESTLAND: Måndag sendte Anne Kari Veikleenget frå Ruste 30 søyelam og fem vërar til Estland. – Ikkje akkurat daglegdags å eksportere sauer til Estland, seier Veikleenget. Begge foto: Knut Storvik

– Bæ, vi skal til Estland

Anne Kari Veikleenget frå Ruste eksporterer 35 sauer til Estland.

Av Knut Storvik

RUSTE: – Da eg vart spurd om å eksportere 30 søyelam og fem vërar visste eg ikkje heilt korleis eg skulle reagere. Vanlegvis sender eg dei til Nortura. Eg har aldri høyrd om nokon som har eksportert sau til Estland, men kvifor ikkje, seier Anne Kari Veikleenget.

I går var to karar frå Estland på garden hennar i Ruste for å hente sauene og køyre dei til Estland.

– Det er nok tilfeldig at det vart akkurat meg. Økonomisk tener eg ikkje så mykje meir på dette enn å sende til slaktaren, men moro er

det lell, seier Veikleenget.

På garden i går var også Hege Vaagaasar frå Mattilsynet og Pål Kjørstad frå Oppland sau og geit.

– Eg veit om nokon som har eksportert sau til England, men det er ikkje akkurat vanleg. Grunnen til at det vart Anne Kari var at ho har blodprøver som er teke innan dei siste tolv månadene. Ho har og ei særs oppegående besetning av norsk kvit sau, seier Kjørstad.

For sauen som sendast ut av landet må vere nøye dokumentert.

– Spesielt med tanke på sjukdommar. Sauen må ha god helse og det er strengt med smittsame sjukdommar. I Estland finst det berre 80.000 sauer og ingen av dei har til dømes skrapesjuka, seier Vaagaasar.

Sauen har eit eige helseskjema og det er ein del papirarbeid som




PÅ BESØK: Pål Kjørstad og Hege Vaagaasar.

må fyllast ut ifølgje Vaagaasar.

– Eigarane var her førre fredag og ville eigentleg ha fleire sauer. Det var ikkje så lett for dei å forstå at det kunne dei ikkje. Sjølv om det er artig så trur eg ikkje det er så spesielt stor marknad på å eksportere sau til utlandet, seier Veikleenget.

Kvifor den norske sauen er etterspurd svarer Veikleenget slik:

– Den norske sauen er unik. Her får ein ull, kjøtt, den har god kropp og bein. I tillegg er den særskild fruktbar. Den utanlandske har ikkje alt slikt som den norske, seier ho.



UTSIKTEN: Venter på at asfalt skal bli lagt på vegen i Øyer.

Foto: Dagfinn Hovland

Venter på asfaltlegging


Beboere langs vegen Utsikten på Granrudmoen i Øyer, lurer på hva som skal skje med vegen deres.

ØYER: Vegen er farlig å kjøre på, mener de vi har snakket med. Du bør helst ikke kjøre på den, for da kan du bli stående fast, men ta gjerne bilde av den og hør hva som skal skje.

Vi tok like godt en telefon til virksomhetsleder Torstein Hansen i eiendom og anlegg i Øyer kom-

mune. Han kan fortelle at de venter på at Veidekke skal komme å asfaltere vegen.

– Vi har skiftet ut noen dårlige stikkrenner i vegen, sier Hansen som seinest torsdag i forrige uke purret Veidekke om saken. Kommunen venter på asfalt flere steder både i Øyer og på Tretten. På Tingberg er det et annet firma, Lämmikainen, som har asfaltarbeidet. Og det arbeidet ble påbegynt i år.



RINGEBRU: Vil kjøpe nye boligtomter på Ulberg.

Vil sikre nye boligtomter

RINGEBRU: Rådmannen i Ringebru går inn for at kommunen skal sikre seg nye boligområder.

Han foreslår at formannskapet godkjenner kontrakten med Bjørn Haugen, om kjøp av 14 dekar til boligtomter på Ulberg i Ringebru. Prisen er 60 kroner per kvadratmeter. I tillegg til kjøpesummen kjøper kommune skog etter takst fra Mjøsen Skog, samt erstatter tapte jaktinntekter arealet.

Grunneier holder tilbake tre tomter til eget bruk og salg på arealet. Forslaget går ut på at Ringebru kommune kjøper det resterende antall tomter.

Arrangement

MIDTDALEN: Det er nye muligheter for å søke støtte for lokale arrangementer i midtdalen.

Arrangementer er satsingsområde for Regionrådet i midtdalen og støtteordningen til arrangementer videreføres.

Regionrådet etablerte en ordning for arrangementsstøtte i 2012.

Rammen var 400.000 og pengene ble fordelt i sin helhet og erfaringen med ordningen er positiv.

Regionrådet ønsket derfor å videreføre ordningen også i 2013. Søknadsfristen for runde nummer to i inneværende år er 15. oktober.

Feil namn

SØR-FRON: Yngsteguten på Tveit smie heiter Jan André Tveit Hagen (11).

Ikkje Andreas som GD kom i skade for å skrive i samband med artikkelen om Tveit smie som stod på trykk laurdag. Tveit smie hadde ope dag. Hege Tveit fortel om ein morosam dag med mykje besøk.